

Stad: Valdres Folkemuseum

Tidspunkt: måndag 28. januar kl. 14.00 på Valdres Folkemuseum

Til stades: Jan Arild Berg, Brita Brenna, Jørund Ødegård Lunde, Frode Rolandsgard, Gunhild Vegstein Leite, Odd Arne Klemmetsrud og Kristin Gulbrandsen. Frå administrasjonen: Tove Stubbene og Ole Aastad Bråten

Sak 1/2019 Budsjett 2019

Forslaget til budsjett følger prioriteringane i tiltaksplana. Ein har forsøkt å følgje opp signalet frå styret om å styrke innsatsen med antikvarisk vedlikehald.

Administrasjonen legg fram forslag til budsjett innfor dei rammene som staten, fylket og kommunane gjev tilsegn om, og andre inntekter som elles synest kjente for museet. Sjå vedlagt budsjettutkast.

Vedtak: Styret vedtek budsjettet for 2019.

Sak 2/2018 Budsjettsøknad for 2020

Valdresmusea søker kvart år Kulturdepartementet om utvida rammetilskott til drifta av selskapet. Det er gjerne til særlege satsingar at ein ber staten utvide det faste rammetilskottet. Etter konsolideringa i 2006 har departementet styrka det statlege tilskottet tre gonger; i 2008 i samband med overtakinga av Norsk institutt for bunad og folkedrakt (1 000 000 kroner), i 2013 i samband med ei styrking av instrumentbyggjartradisjonen (900 000 kroner) og i 2019 i samband med ei styrking av forskingsarbeidet ved Norsk institutt for bunad og folkedrakt (400 000 kroner).

Staten har sidan 2006 òg gitt investeringsmidlar; i 2005 i samband med bygginga av Velkomstbygget, i 2016 i samband med rehabiliteringa av Norsk institutt for bunad og folkedrakt sine lokale og i 2019 i samband med bygginga av nye lokale for museets og instituttets faste utstillingar.

Dei siste tre åra har Bagnsbergatn vore prioritert satsing ved i Valdresmusea sine budsjettsøknadar. I brev frå Riksantikvaren i januar 2019 stansar Riksantikvaren prosessen rundt Bagnsbergatn – for godt. Klarare kan det vel ikkje uttrykkast; staten kjem ikkje til å bidra med ressursar her. I staden spelar dei ballen over på kommunen, fylkeskommunen og museet om sjølve å finne ressursar til ei satsing.

Utan statleg medfinansiering vil ikkje administrasjonen tilrå ei satsing på Bagnsbergatn – utover dei pliktene som kviler på tilskottet frå RA på 450 000 kroner. Det vil òg truleg vere uklokt, i ei tid med ein fornya konsolideringsdebatt, å ta på seg ytterlegare vedlikehaldsplikter. Administrasjonen meiner derfor ein bør løfte fram andre tiltak i budsjettsøknaden til staten.

Valdresmusea har særleg lukkast i arbeidet med folkemusikk, folkedans, folkemusikk-instrument, bunad og folkedrakt. Ein sterkare samfunnskritikk har òg fått feste ved museet dei siste åra og gjennom prosjekt som «Folkemusikk og nasjonalisme», «Dei store forteljingane», Fargerike fellesskap – kvitt raseri» og søknaden til samfunnsrolleprogrammet i Norsk kulturråd i 2018 (Family Secrets/Bryt fasaden) har Valdresmusea, saman med Randsfjordsmuseet, Anno Museum og Vest-Agder-Museet etablert seg som museum som banar veg for den sterke og viktige samfunnskritikken.

Administrasjonen vil tilrå at ein i budsjettsøknaden for 2020 søker ei styrking av rammetilskottet knytt til områda folkekultur og/eller samfunnsrolle.

Vedtak: Styret vedtek at ein i budsjettsøknaden for 2020 søker ei styrking av rammetilskottet frå staten knytt til områda folkekultur og samfunnsrolle. Administrasjonen tek elles med seg dei innspela som kom fram i møte.

Sak 3/2019 Fusjon Valdresmusea AS og Isfolket AS

Isfolket AS vart etablert i 2008 som heileigd dotterselskap av Valdresmusea AS. Målet med selskapet har vore å drive teater og næringsverksemd med utgangspunkt i teaterframsyninga Sol av Isfolket. Etter publikumssvikt og siste framsyning i 2011 vart det vedteke å avslutte produksjonen. Isfolket AS vart eit sovande selskap og morselskapet overtok pliktene som låg til dotterselskapet.

Då teateret vart etablert i 2008 var det viktig å sikre selskapet rettane til spelet. Avtaler med utøvarane vart utarbeidd med god hjelp av advokatkontoret Grette. I dag sikrar desse Isfolket AS dei ideelle og materielle rettane til manus, musikk, regi, koreografi og kostyme mm. I ettertid ser ein at dette var ei viktig investering, for fleire har vist interesser for spelet og spurt om moglegheitene for å få sette det opp att. Sjå vedlagt notat om spørsmål frå skodespelar Paul-Ottar Haga.

Valdresmusea AS la ned store ressursar i spelet og teaterselskapet i åra 2006–2012. I dag er det Valdresmusea AS som i praksis forvaltar arven etter selskapet. I drøftingar med revisor om vegen vidare for Isfolket AS er ein tilrådd å fusjonere dei to selskapa.


Vedtak: Isfolket AS vart etablert i 2008 som dotterselskap av Valdresmusea AS. Styret for Valdresmusea AS vedtek å fusjonere dei to selskapa.

Sak 4/2018 Orienteringssaker

- Bagnsbergatn, sjå vedlagt orientering frå Riksantikvaren
- Strategiprosess, orientering i møte
- Tak-lekkasje i Velkomstbygget
- Foreløpig resultat 2018

Vedtak: Styret tek orienteringssakene til vitende.

Gunnhild Vegstein Leite



Kristin Gullbrand

Frøde Aden

Terand Gaegård Lund

Brita AS Rønne

